



DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Innovasjon Norge
Postboks 448 Sentrum
0104 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

15/799-

1.2.2016

Oppdragsbrev til Innovasjon Norge 2016

Landbruks- og matdepartementet syner til regjeringa sitt framlegg til budsjett jf. Prop. 1 S (2015-2016) frå LMD, samt Stortinget si handsaming av denne jf. Innst. 8 S (2015-2016).

1. OVERSIKT OVER LØYVINGAR STILT TIL DISPOSISJON FOR 2016

For 2016 stiller departementet gjennom statsbudsjettet følgjande midlar til disposisjon for Innovasjon Norge:

Kapittel og post	Ordning	Beløp mill. kr
1149,72	Trebasert innovasjonsprogram	19,50
1149,74	Til program for industriell bioraffinering	2,74
1150,50	Bioenergiprogrammet	65,50
1150,50	Investering og bedriftsutvikling i landbruket	548,00
1150,50/1151,51	Utviklingsprogrammet	98,20
SUM		733,94

Oversikta inkluderer også midlar til administrasjons- og gjennomføringskostnader med ordningane. Særskilt omtale av dette går fram under punkt 6.

2. MÅL FOR INNOVASJON NORGE OG ANDRE FELLESFØRINGAR

Vi syner til oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet for 2016 for fellesføringar når det gjeld Innovasjon Norge sin målstruktur.

3. PRIORITERINGAR I OPPDRAGET FRÅ LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET

Av Prop. 1 S (2015-2016) går det fram at dei overordna måla for landbruks- og matpolitikken er matsikkerheit, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk. Landbrukspolitikken skal leggje til rette for ein kostnadseffektiv matproduksjon, styrka næringsgrunnlag og auka verdiskaping. Regjeringa vil leggje til rette for å få fleire unge til å ønskje seg inn i næringa, og vil byggje ned hindringane for dei som vil auke matproduksjonen. Regjeringa vektlegg forenklingar både for den enkelte næringsutøvar og for forvaltninga. Potensialet for auka verdiskaping er stort. Landbruket er ei innovativ næring som har vore god til å ta i bruk ny teknologi og nye produksjonsmåtar for å auke produktiviteten og effektivisere drifta.

Det skal satsast på alternativ næringsutvikling for å gje grunnlag for auka verdiskaping og framtidsretta landbruksproduksjon over heile landet. Meld. St. 31 (2014-2015) *Garden som ressurs – marknaden som mål- Vekst og gründerskap innan landbruksbaserte næringar* vart lagt fram for Stortinget våren 2015. Meldinga synleggjer korleis potensialet for auka verdiskaping innan dei landbruksbaserte næringane utanom tradisjonelt jord- og skogbruk kan utløysast. Politikken skal leggje til rette for vekst og utvikling uavhengig av storleiken på gardsbruket, og bidra til at landbruksgründerar skal kunne utnytte det totale ressursgrunnlaget i inn- og utmark på landbrukseigedommen utan unødige hinder. Innovasjon Norge spelar ei viktig rolle i realiseringa av regjeringa sine ambisjonar på dette området i møte med nyetablerarar og gründarar frå landbrukssektoren, og gjennom forvaltninga av dei ulike bedriftsretta midlane.

Ein velfungerande reinkjøttmarknad er avgjerande for å nå reindriftspolitiske mål. Dette gjeld gjennom heile verdikjeda frå vidde til bord. Etterspurnaden etter reinsdyrkjøtt er god og framleis aukande. Det er viktig at reinkjøttbransjen brukar dagens gode marknadssituasjon til utvikling av levedyktige verksemdar, bygd på eigen solid kunnskap og erfaring, og som leverer kvalitetsprodukt som marknaden etterspør.

Regjeringa vil føre ein offensiv skogpolitikk. Eit aktivt skogbruk gjev sysselsetting og verdiskaping. Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei melding til Stortinget om skog- og trenæringa våren 2016. Hovudmålet i meldinga skal vere å leggje til rette for auka verdiskaping i skogsektoren.

Landbruket rår over eit betydeleg ressursgrunnlag. Optimal utnytting av desse omfattande biologiske ressursane vil vere sentralt både for å ta ut potensialet i eksisterande næringar og som grunnlag for innovasjonar og ny næringsverksemd. Landbruks- og matdepartementet ser eit stort potensial i å stimulere til vidareutvikling av

produksjonsprosesser og ny næringsverksemd med utgangspunkt i fornybar biomasse frå primærnæringsane. Løyvingar til Innovasjon Norge skal bidra til å ta ut det store verdiskapingspotensialet innan bioøkonomien og gi større økonomisk utbytte av dei investeringane som er gjort i forskning i seinare år. Vidare innsats på området må sjåast i samanheng med den komande strategien for bioøkonomi.

Innovasjon Norge sine delmål om fleire gode gründerar, fleire vekstkraftige bedrifter og fleire innovative næringsmiljø, er viktige for å nå måla innanfor landbruks- og matpolitikken. I det enkelte oppdrag vil vektinga av dei tre delmåla variere.

Departementet syner til omtale av dei enkelte ordningane for ei nærmare skildring av ambisjonar for måloppnåing knytt til selskapet sin målstruktur.

Departementet forventar elles at Innovasjon Norge orienterar seg i relevante dokument og proposisjonar på landbruks- og matområdet i selskapet sitt arbeid med landbruksbasert næringsutvikling.

4. NÆRMARE OM DEI ENKELTE ORDNINGANE

Trebasert Innovasjonsprogram

For 2016 blir det løyvd 19,5 mill. kroner til Trebasert Innovasjonsprogram. Programmet har som mål å auke verdiskapinga knytt til bruk av tre. Bruk av fornybart materiale som trevirke i varige konstruksjonar som t.d. bygg kan mellom anna bidra til reduksjon i klimagassutslepp.

Programmet skal i 2016 ha særskilt merksemd på verksemdar innanfor byggsektoren. Prosjekt som gjer at trebruken aukar, at produksjonen og sysselsettinga skjer i Noreg samt at dei medverkar til produktutvikling og nyskaping, prosessutvikling og på annan måte utvikling av verksemdene, skal prioriterast. Det vil framleis også kunne bli gitt støtte til studiar og uttesting av industrialiserbare byggekonsept innanfor nærare avgrensa økonomiske rammer.

Trebasert Innovasjonsprogram skal også i 2016 bruke midlar på "Tredrivernetverket". I dei ulike regionane i landet er det no personar som har til oppgåve å informere relevante miljø om potensialet for auka bruk av tre knytt til miljøomsyn, sysselsetting og ressurstilgang, samt kva slags økonomiske støtteordningar som er tilgjengelege. Nettverket skal også sørge for erfaringsutveksling mellom ulike prosjekt på tvers av regionar m.m.

Bioraffineringsprogrammet

For 2016 vert det løyvd 2,742 mill. kroner over kapittel 1149 post 74 til Innovasjon Norge sitt bioraffineringsprogram. Gjennom løyvinga ynskjer departementet å stimulere til utvikling av nye produkt- og produksjonsprosesser basert på fornybare bioråvarer frå landbruket, og på den måten bidra til å utløyse potensialet i bioøkonomien. Vi syner også til omtale av ordninga i oppdragsbrev frå NFD og KMD.

Bioenergiprogrammet

Det er for 2016 avsett 67 mill. kroner til Bioenergiprogrammet over kapittel 1150, post 50. Forutan Bioenergiprogrammet skal midla gå til Norsk Gartnerforbund si satsing på klimavennleg produksjon samt til ei utgreiing av konkurransesituasjonen for bioenergi. Innovasjon Norge blir soleis tildelt 65,5 mill. kroner til forvaltning av Bioenergiprogrammet, og hovudtynga av innsatsen på dette området bør bli prioritert opp mot delmålet om fleire vekstkraftige bedrifter.

Landbruks- og matdepartementet legg til grunn at programmet vidareførast med basis i dei same hovudmåla som for 2015, irekna vektlegging av klima- og energivinstane.

Biogassprosjekt skal vurderast med utgangspunkt i dei vanlege energi- og lønnsmdskriteria. Utover dette skal Innovasjon Norge også leggje vekt på heilskapleg miljøgevinst av biogassprosjekta.

Landbruks- og matdepartementet legg til grunn at Innovasjon Norge sikrar samordning mot ENOVA på bioenergiområdet, samt utnyttar kompetansen og nettverket til fylkesmennene og fylkeskommunane for å sikre ei koordinert bioenergisatsing under dei regionale næringsprogramma. Innovasjon Norge bør også framover legge vekt på å sikre tilfredsstillande aktivitet i alle fylke.

Midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlar)

Tilgang på investeringsverkemidlar er ein viktig føresetnad for fornying av produksjonsapparatet i landbruket og framtidig vekst og utvikling i landbruksbaserte næringar. Midla skal bidra til utvikling både innanfor det tradisjonelle landbruket og andre landbruksbaserte næringar.

Det er løyvd 548 mill. kroner over kapittel 1150 post 50 til investering og bedriftsutvikling i landbruket i 2016. Innovasjon Norge bør prioritere hovudtynga av innsatsen sin innanfor IBU-midla opp mot selskapet sitt delmål om fleire vekstkraftige bedrifter. Innanfor det tradisjonelle landbruket vil ambisjonane om auka produktivitet og lønnsemd i bedrifter vere særskilt viktig. I tillegg bør fleire dyktige gründerar, særskilt i form av fleire levedyktige oppstartsbedrifter, vere eit prioritert innsatsområde knytt til satsinga på landbruksbasert næringsutvikling utanom tradisjonelt jord- og skogbruk. Regionalt næringsprogram utarbeida av Fylkesmannen i samarbeid med Innovasjon Norge, fylkeskommunen, næringa m.fl., legg strategiske føringar for bruken av midla regionalt.

Forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket, samt føringar gitt i Prop. 1 S (2015-2016) Landbruks- og matdepartementet og i Prop. 127 S (2014-2015) *Jordbruksoppgjøret 2015*, skal leggest til grunn for forvaltninga av midla. Forskrifta er justert i tråd med presiseringa gjort i jordbruksoppgjøret 2015 om at Innovasjon Norge også kan gi støtte til enkelte investeringar innanfor frukt- og bærproduksjon.

I samband med Stortinget si handsaming av jordbruksoppgjeret 2015 jf. Innst. 385 S – 2014-2015, er departementet bedt om å vurdere om investeringsverkemidlar frå Innovasjon Norge kan tildelast på hausten, sjølv om løyvinga over statsbudsjettet og utbetaling fyrst skjer året etter. Vi ber om ei skriftleg vurdering av dette spørsmålet frå Innovasjon Norge i samband med innspel til jordbruksforhandlingane 2016.

Vi legg elles til grunn at det framleis er mogleg å gje støtte til bedriftsovergrepande fellesskapsprosjekt over desse midla. Vi ber jamvel om at det blir gjort ei god avklaring mellom Innovasjon Norge og Fylkesmannen når det gjeld kva type prosjekt som støttast av dei ulike aktørane.

Fordelingsnøkkelen for 2015 for deling av midla mellom fylka er vidareført også i 2016. Fordelinga mellom fylka framgår av tabellen nedanfor:

Fylke	Løyving mill. kroner
Østfold	19,14
Akershus	16,97
Hedmark	35,60
Oppland	41,14
Buskerud	22,68
Vestfold	15,20
Telemark	18,73
Aust-Agder	14,00
Vest-Agder	16,29
Rogaland	40,31
Hordaland	30,43
Sogn og Fjordane	40,31
Møre og Romsdal	37,08
Sør-Trøndelag	35,03
Nord-Trøndelag	43,73
Nordland	36,00
Troms	24,31
Finnmark	16,83
SUM	503,78

- 1) Totalsum ekskl. avsetjing til administrasjons- og gjennomføringskostnader på 43,8 mill. kroner, samt 0,42 mill. kroner til dekking av kundeeffektundersøkinga jf. pkt. 6.

Maksimal prosentsats for tilskot på 33 prosent av kostnadsoverslaget for investeringa er vidareført. Dersom vi skal nå målet om auka produksjon, er det viktig å støtte opp om bedrifter som ønskjer vekst. Støtte til investeringsprosjekt som gir auka matproduksjon, skal difor prioriterast. Innovasjon Norge må elles ta omsyn til marknadssituasjonen til dei enkelte produksjonane i vurderinga om finansieringsstøtte til utviding eller nyetablering. Energiomsyn og miljøvennleg teknologi skal inngå i vurderinga av søknader om tilskot der det er relevant.

Ordninga med risikolån er vidareført innanfor ramma av denne ordninga.

Ordninga med rentestøtte er avvikla. Det skal ikkje gis nye tilsegn om rentestøtte etter 1.1.2016, sjølv om enkelte fylker har ubrukke rammer att.

Innovasjon Norge har ansvaret for den årlege kåringa av årets bedriftsutviklar i landbruket (bygdeutviklingsprisen), og kan nytte IBU-midlar til dette tiltaket etter nærmare dialog med departementet.

Utviklingsprogrammet - landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping

Det er løyvd til saman 98,2 mill. kroner til Utviklingsprogrammet for 2016. 8,2 mill. kroner er løyvd over Reindriftsavtalen, kapittel 1151 post 51 til den reindriftsbaserte delen av programmet. Øvrige midlar er løyvd over Jordbruksavtalen kapittel 1150, post 50. Programmet skal utviklast i tråd med føringane gitt i fjorårets jordbruksoppgjær og i Reindriftsavtalen 2015/2016, samt styringsgruppa sine signal. Innovasjon Norge er sekretariat for styringsgruppa til Utviklingsprogrammet.

Innovasjon Norge bør prioritere hovudtynga av innsatsen sin på dette området opp mot delmålet om fleire vekstkraftige bedrifter. Innanfor delmålet om fleire innovative næringsmiljø bør ambisjonane om innovative og vekstkraftige regionar og meir samarbeidsorienterte bedrifter vektleggast.

Landbruks- og matdepartementet ber Innovasjon Norge om å sikre at Utviklingsprogrammet blir marknadsført på ein måte som sikrar pågang av relevante og gode prosjektsøknader frå alle sektorane som er dekkja av programmet. Her må m.a. formidling av resultat frå avslutta prosjekt både til næringa og relevante aktørar, stå sentralt.

Det vert lagt til grunn at Innovasjon Norge framleis har ein aktiv innsats og god tilrettelegging ovanfor reinkjøttkundane, samt stor merksemd på å få fram potensialet på reinområdet gjennom utviklingsprogrammet og resten av Innovasjon Norge sitt verkemiddelapparat. Reinprogrammet si innretning og satsingsområde skal vidareførast i det nye programmet. Når det gjeld forvaltning, syner vi til at reindrifta er ei urfolksnæring som er unik både i nasjonal og internasjonal samanheng der kulturelementet står sentralt. Reindrifta er også ei av få næringar i Noreg med heilårs beitedrift. Desse tilhøva stiller særskilde krav til oppfølging av målgruppa. Ved administreringa er det sentralt at kompetanse om målgruppa blir teken hand om, og at ein har ei aktiv og individuell oppfølging av målgruppa, samt at det blir lagt opp til bedriftsbesøk. For å sikre best mogleg effekt av midla frå Reindriftsavtalen er det også sentralt at programmet blir sett i samband og koordinert med aktivitetar over Reindriftens utviklingsfond (RUF) og Sametinget sine ordningar, samt at ein har god kontakt med Markedsutvalget for reinsdyrkjøtt.

Samarbeidet med Mattilsynet, Matmerk og dei regionale partnerskapa må vidareførast.

Innovasjon Norge har i 2015 gjort ei analyse av ti eksportmarknader med tanke på eksport av landbruksvarer. Departementet ber Innovasjon Norge om å følgje opp denne analysa.

Den norske standen på Internationale Grüne Woche (IGW) er den største markeringa av norsk mat og reiseliv i utlandet som Landbruks- og matdepartementet er involvert i. Arrangementet får stor merksemd frå media. IGW er ein viktig arena og møteplass for å etablere nettverk mellom næringslivsaktørar og for å bidra til forsterka regionalt samarbeid på mat- og reiselivsområdet. Innovasjon Norge har det operative ansvaret for prosjektet i tett dialog med departementet.

Matstreif er ein viktig nasjonal arena for å synleggjere mangfaldet av norsk lokalmat. Innovasjon Norge har det operative ansvaret for gjennomføring av matfestivalen. Landbruks- og matdepartementet ber Innovasjon Norge om å involvere andre sentrale aktørar i verdikjeda for matproduksjon i planlegging og gjennomføring av arrangementet. Prosjektet skal organiserast med ei referansegruppe. Innovasjon Norge må framleis jobbe for meir ekstern finansiering av dette arrangementet.

Innanfor Utviklingsprogrammet er det etablert ei tilskotsordning til kompetanse og regionale kompetansenav. Ordninga forvaltast av Innovasjon Norge som også har ansvar for nasjonal koordinering og styring av kompetansenava. Vi syner til foreløpig oppdragsbrev til Innovasjon Norge av 22.11.2013 for oversikt over institusjonane som har fått rolla som regionale kompetansenav.

Lån til landbruksføremål innanfor lågrisikolåneordninga (kapittel 2421 NFD)

Innovasjon Norge kan som tidlegare gje lån til landbruksføremål innanfor ramma for Lågrisikolåneordninga over Nærings- og fiskeridepartementet sitt budsjett. Det er viktig at Innovasjon Norge i si rapportering og statistikkføring framleis opprettheld eit skilje mellom bustadføremål og næringsføremål.

5. ADMINISTRATIVE FELLESFØRINGAR

Departementet viser til dei administrative fellesføringane i oppdragsbrev for 2016 frå Nærings- og fiskeridepartementet, irekna føresetnader og krav samt føringar knytt til administrative forhold, rapportering og evaluering.

6. DEPARTEMENTSSPESIFIKKE ADMINISTRATIVE FØRINGAR

Administrasjons- og gjennomføringskostnader

Den enkelte oppdragsgjevar skal dekke alle administrasjons- og gjennomføringskostnader utover basiskostnadane for sine oppdrag, med unntak for aktivitetar som skal vere sjølvfinansierande. Selskapet sine basiskostnader vert dekkja av løyvinga over Nærings- og fiskeridepartementet sitt budsjett kap. 2421, post 70.

For ordningar som Innovasjon Norge forvaltar for Landbruks- og matdepartementet skal administrasjons- og gjennomføringskostnadane spesifiserast på kvart program/ordning.

Departementet syner til ei meir detaljert omtale av dette i brev til Innovasjon Norge frå Landbruks- og matdepartementet av 13.1.2011. Rapport for administrasjons- og gjennomføringskostnader skal vere klart til kvart halvårsmøte mellom Landbruks- og matdepartementet og Innovasjon Norge.

Det er gjort ein gjennomgang av administrasjons- og gjennomføringskostnadane for 2016 med bakgrunn i vurderingar frå Innovasjon Norge jf. tabellen under. Departementet understreker at det ikkje er eit ein-til-ein forhold mellom endringar i den totale løyvingsskemaet til den enkelte ordning og endringar i administrasjonskostnader.

Ordningar og oppdrag	Administrasjons- og gjennomføringskostnader mill. kr
Midlar til Investering og bedriftsutvikling i landbruket	43,80
Utviklingsprogrammet ¹⁾	11,50
Trebasert innovasjonsprogram	4,10
Bioenergiprogrammet	6,00
Bioraffineringsprogrammet	0,29
LMD sin del av kundeeffektundersøkinga	0,62
Sum alle oppdrag	66,31

1) Av dette skal 1,5 mill. kroner dekkast over reindriftsavtala.

Det er ikkje tatt fullt ut omsyn til innspel frå Innovasjon Norge om nivået på administrasjons- og gjennomføringskostnader under IBU-ordninga. Innovasjon Norge har tidlegare spelt inn til departementet at rentestøtteordninga har vore svært krevjande å forvalte. Avviklinga av rentestøtteordninga frå 2016 er difor ei forenkling av ordninga som venteleg vil gje ein viss reduksjon i arbeidsforbruk også i 2016.

Når det gjeld dekking av departementet sin del av kundeeffektundersøkinga, ber vi om at utgifta blir trekt frå ramma til dei ulike programma, høvesvis 420 000 kroner frå IBU-ordninga, 100 000 kroner frå Utviklingsprogrammet, og 100 000 kroner frå Bioenergiprogrammet.

Innovasjon Norge får høve til å sjå rammene for administrasjons- og gjennomføringskostnader for ordningane under kapittel 1149 og Bioenergiprogrammet i samanheng, slik at kostnadane for det enkelte program er tilpassa behovet Innovasjon Norge identifiserer i løpet av året. Det vert lagt til grunn at total ramme ikkje overstig summen av rammene og at Landbruks- og matdepartementet vert haldne orientert om eventuelle justeringar.

Administrasjons- og gjennomføringskostnadane til gjennomføringa av IGW og Matstreif skal trekkjast frå løyvinga til Utviklingsprogrammet for vekst og verdiskaping, og kjem i tillegg til kostnadane for programmet som er synleggjort i tabellen ovanfor. Årlege budsjett over

prosjektkostnadane til desse to prosjekta skal godkjennast av Landbruks- og matdepartementet etter innspel frå styringsgruppa.

I samband med Innovasjon Norge sitt digitaliseringsprosjekt har selskapet planlagt å lyfte ordningane på landbruksområdet inn i ny digital plattform i 2016. Estimata som er lagt til grunn for direkte kostnader på landbruksområdet er 7,7 mill. kroner. Målet er at kundane raskare vil kome fram til rett tilbod/kompetanse og at selskapet blir meir kostnadseffektivt. LMD sin del skal trekkjast frå kapittel 1150 post 50 etter utbetalingsanmodning til departementet. LMD legg til grunn at timeprisen som følgje av digitaliseringsprosjektet, blir redusert etter at prosjektperioden er avslutta i 2017.

Samarbeid regionalt

Regionalt næringsprogram, som blir utarbeidd i samarbeid mellom fylkesmennene, fylkeskommunane, Innovasjon Norge sine distriktskontor og næringsorganisasjonane i landbruket, skal bidra til målretting av den regionale innsatsen for næringsutvikling i landbruket. Det er viktig at Innovasjon Norge og dei regionale samarbeidspartnarane, har ein god dialog som kan sikre gjensidig forankring, prioritering og kopling mellom verkemidla på landbruks- og matområdet regionalt og lokalt.

Distriktskontora må ha tilstrekkelig kunnskap og kompetanse innanfor landbruksoppdraget, slik at dei kan bidra aktivt til å mobilisere ressursar og utløyse vekstpotensialet regionalt. Som kompetanseorgan innan næringsutvikling, er det forventa at Innovasjon Norge også støttar kommunane i deira rolle som fyrstelinje for næringsutvikling.

Overføring av midlar

Landbruksdirektoratet har det administrative hovudansvaret for Landbrukets utviklingsfond (LUF), jf. St.prp. nr.1 Tillegg nr. 3 (1999-2000). For ordningar under LUF som blir forvalta av Innovasjon Norge, er det lagt opp til periodisk overføring (4-6 gonger per år) av midlar frå fondet. Administrasjons- og gjennomføringskostnadane til kvar ordning blir utbetalt separat frå resten av ramma til ordninga. Innovasjon Norge utbetalar og fører rekneskap for tilskot/lån og mottek og fører rekneskap for inntekter frå avdrag på lån. Innovasjon Norge må vidareføre sin kontakt med Landbruksdirektoratet når det gjeld rekneskap og overføring av midlar.

Når det gjeld løyvingar frå RUF, skal det også leggjast opp til periodisk overføring av midlar frå Landbruksdirektoratet til Innovasjon Norge (2 gonger per år). Utbetalinga vil skje etter utbetalingsanmodning frå Innovasjon Norge.

Rapportering

Det skal rapporterast på bruken av midlane i tråd med rapporteringskalender frå Nærings- og fiskeridepartementet. For bruken av IBU-midlane skal det som tidlegare år sendast ein eigen rapport frå Innovasjon Norge sine distriktskontor innan 1.2.2017. Rapporten skal vurdere verkemiddelbruken opp mot regionalt næringsprogram. Statistikk over fordeling til ulike grupper, som kvinner og unge, i dei ulike program og tenester skal synleggjerast slik at ein sikrar eit godt samanlikningsgrunnlag over tid.

Kontaktmøte

Det vil bli lagt opp til to halvårsmøter i tillegg til kontaktmøter mellom Landbruks- og matdepartementet og Innovasjon Norge i 2016.

Med helsing

Anne Marie Glosli (e.f.)
ekspedisjonssjef

Kristin Orlund (e.f.)
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke handskrive signaturar

Kopi til:

Fylkesmannen i Aust-Agder	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
Akershus fylkeskommune	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
Fylkesmannen i Buskerud	Grønland 32	3007	DRAMMEN
Fylkesmannen i Finnmark	Statens hus	9815	VADSØ
Fylkesmannen i Hedmark	Postboks 4034	2306	HAMAR
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Fylkesmannen i Nordland	Moloveien 10	8002	BODØ
Fylkesmannen i Nord-Trøndelag	Postboks 2600	7734	STEINKJER
Fylkesmannen i Oppland	Postboks 987	2626	LILLEHAMMER
Fylkesmannen i Oslo og Akershus	Postboks 8111 Dep	0032	OSLO
Fylkesmannen i Rogaland	Postboks 59	4001	Stavanger
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Fylkesmannen i Sør-Trøndelag	Statens Hus	7468	TRONDHEIM
Fylkesmannen i Telemark	Postboks 2603	3702	SKIEN
Fylkesmannen i Troms	Postboks 6105	9291	TROMSØ
Fylkesmannen i Vest-Agder	Postboks 513 Lundsiden	4605	KRISTIANSAND S
Fylkesmannen i Vestfold	Postboks 2076	3103	Tønsberg
Fylkesmannen i Østfold	Postboks 325	1502	MOSS
Akershus fylkeskommune	Postboks 1200 Sentrum	0107	OSLO
Aust-Agder fylkeskommune	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
Buskerud fylkeskommune	Postboks 3563	3007	DRAMMEN
Finnmark fylkeskommune	Fylkeshuset	9815	VADSØ
Hedmark fylkeskommune	Postboks 4404	2325	HAMAR
Hordaland fylkeskommune	Bedriftssenteret		
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Nordland fylkeskommune	Fylkeshuset - Postmottak	6404	MOLDE
Nord-Trøndelag fylkeskommune	Postboks 1378 Vika	8048	BODØ
Oppland fylkeskommune	Postboks 2560	7735	STEINKJER
Rogaland fylkeskommune		2626	LILLEHAMMER
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
Sør-Trøndelag fylkeskommune	Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Telemark fylkeskommune	PB 2350 Sluppen	7004	TRONDHEIM
Troms fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
Vest-Agder fylkeskommune	Postboks 6600	9296	TROMSØ
Vestfold fylkeskommune	Serviceboks 517 Lund	4605	KRISTIANSAND S
Østfold fylkeskommune	Postboks 2163	3103	TØNSBERG
	Postboks 220	1702	SARPSBORG

Fylkesmannen i Aust-Agder	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
Nærings- og fiskeridepartementet	Postboks 8090 Dep	0032	OSLO
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0030	OSLO
KS - Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	Oslo
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
NORSKOG	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Norges skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Riksrevisjonen	Postboks 8130 Dep	1702	OSLO